

Namn og rolle til den som har hjelpt deg med å skriva søknaden**Namn på den som skal motta post/faktura****Namn på fastlege:****Hjelpestønad**

Mottar du eller har søkt om hjelpestønad? Ja Nei

Dersom ja: sats 1 sats 2 sats 3 sats 4

Tolk

Behov for tolk: : Ja Nei Dersom ja, kva for språk:

Behov for døvetolk: Ja Nei

Samtykke, fullmakt og underskrifter

Kommunen treng opplysingar om deg for å kunne behandla søknaden din raskast mogleg og for å kunne gje deg best mogleg hjelp og behandling. I tillegg til det du sjølv oppgjev i søknaden, kan kommunen ha behov for å innhenta opplysingar frå:

- pårørende
- helsepersonell
- andre einingar i kommunen
- sjukehus
- bank

Gjeld søknaden ei teneste som du skal betala for, har kommunen behov for å innhenta opplysingar frå:

- Skatteetaten
- NAV

Dersom du er gift eller er sambuar, kan det også vera nødvendig å henta inn inntektsopplysingar om ektemaken/sambuaren din.

Det kan vera nødvendig for kommunen si omsorgsteneste å dele opplysingar om deg med anna relevant personell i helse-, omsorgs-, sosial- og barneverntenesta for å kunne gje deg best mogleg hjelp og behandling.

Fullmakta varer så lenge du får tenesta, men kan når som helst trekkjast heilt eller delvis tilbake.

Kommunen lagrar opplysingar frå søknaden og saksbehandlinga i eit databasert system. Berre dei personane som skal hjelpe deg, får tilgang til opplysningane om deg, og berre det dei treng for å kunne utføra arbeidet sitt. Dei har plikt til å ikkje gje opplysingane vidare til andre.

Du har rett til å få vite kva for opplysingar som er lagra om deg, og kven som har eller har hatt tilgang til desse. Du kan krevja at opplysingar blir retta dersom dei inneheld feil. Ønskjer du at opplysingar om deg skal bli sletta, må Datatilsynet behandla saka. Vend deg til leiaren for helse- og omsorgstenesta i kommunen dersom du ønskjer innsyn i, retting eller sletting av opplysingar. Blir ikkje opplysingane retta eller sletta, kan du be om at kommentaren din blir registrert saman med opplysingane.

Ved å senda inn denne søknaden samtykker du til at Stord kommune kan handsama personopplysingar og helseopplysingar om deg, dela opplysingar om deg til relevant personell og henta inn opplysingar om deg som er nødvendig for å handsama søknaden din.

Dato: Underskrift søkjar:

Dato: Underskrift verje:

NB! Ta kontakt med fastlegen og be om oppdaterte helseopplysingar dersom dette ikkje er sendt frå lege eller spesialhelseetenesta direkte til søknadmottakar. Legg ved relevante opplysingar (opplysingar frå lege, sjukehus eller andre)

Til deg som søker om helse- og omsorgstenester

(søklar beheld denne informasjonen)

Alle søknader vert handsama individuelt, i samsvar med lovverk, forskrifter og retningslinjer.

Når me har motteke søknaden, tek me kontakt for å avtala samtale og evt.heimebesøk. Når vedtaket er fatta, vil du få skriftleg tilbakemelding. Du kan klaga på vedtaket.

Berre dei personane som skal hjelpe deg får tilgang til opplysingane dei treng for å utføra arbeidet sitt. Informasjonen kan berre bli gitt til andre dersom du gjev samtykke til det. Alle tilsette har teieplikt.

Du har rett til innsyn i journalen din, slik at du kan fylgje med på om du har motteke dei nødvendige tenestene, i tråd med vedtak og planar. Du har rett til å få informasjon om kva for opplysingar me lagrar om deg.

Dersom du søker om tenester som kommunen krev betaling for, vil me innhenta nødvendige opplysingar om husstanden si samla inntekt frå Skatteetaten og NAV.

Nokre av opplysingane som me i kommunen bed deg om, vert innhenta etter eigen standard og sende til eit lovbestemt helseregister, IPLOS. Alle opplysingane som kan føra til identifisering er då fjerna, og fødselsnummeret ditt vert erstatta av eit tilfeldig nummer. Ein del av opplysingane vert brukt til statistikk, som bl.a dannar grunnlag for vidare planlegging av tenestene både på nasjonalt og kommunalt nivå.

Orientering om dei ulike tenestene i Stord kommune

Stord kommune har etter lova ansvar for å tilby nødvendige helse- og omsorgsoppgåver som:

- Helsetenester i heimen
- Praktisk bistand
- Helsetenester innan rus/psykiatri
- Heildøgns omsorg i institusjon eller omsorgsbustad
- Brukarstyrt personleg assistanse (BPA)
- Omsorgstønad
- Avlasting barn/vaksne
- Habiliterings- og rehabiliteringstiltak (bl.a. kvardagsrehabilitering og rehabiliteringsopphald)
- Koordinator/individuell plan

Stord kommune tilbyr i tillegg fylgjande, ikkje lovpålagde, tenester:

- Dag-/aktivitetstilbod
- Tryggleiksalarm
- Kreftkoordinator
- Frisklivssentral
- Ulike gruppeaktiviteter